



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2362 - 21/21636

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
29.03.2021

## **Oversender søknad om konsesjon for leigeavale på del av GBNR 107/7 Kolås -konsesjon**

Saka gjeldt søknad om konsesjon på leigeavtale på 40 år på gbnr 107/7. Det er Alver kommune som skal leiga arealet til parkeringsplass for turgåarar.

Alver kommune står som leigetakar til det aktuelle arealet. Av landbruksdepartementet sitt vedtak av 08.12.2003 å § 1 går det fram at kommunen ikkje kan ta avgjerd i i saker der dei sjølv er ervervar. I andre ledd er det likevel fastsett at i saker der kommunen er part eller har partsliknande interesser, skal søknaden sendast til og avgjerast av klageinstansen, som i følgje § 8 i reglementet er Fylkesmannen, frå 1. januar Statsforvaltaren. Søknaden vert difor oversendt statsforvaltar for avgjerd.

### Kort om saka

Statsforvaltar har i brev datert 13.01.2021 dykkar ref 2021/341 gitt løyve til omdisponering. Alver kommune har gitt dispensasjons etter Pbl frå LNF-føremålet og avkjøringsløyve etter veglova. Sidan alle sider ved arealbruken er godkjent meiner Alver kommune att det bør gjevast konsesjon for leigeavtalen.

I november 2020 gjorde Alver kommune avtale med Marlen Kolås Romarheim om leige av ein knapt 900 m<sup>2</sup> stor parsell under hennar eigedom, gnr. 107 bnr. 7. Avtala er på 40 år, og arealet skal nyttast til utviding av dagens parkeringsplass, som er opparbeidd i tilknytning til friluftsområdet kring Kolåsfjellet. I tillegg til det ca. 400 m<sup>2</sup> store arealet som allereie er nytta til parkeringsplass, omfattar leigeavtala kring 500 m<sup>2</sup> dyrka jord. I kommuneplanen er alt arealet utlagt til landbruks- natur- og friluftsføremål. I følgje NIBIO sitt gardskart har gnr. 107 bnr. 7 eit samla areal på 41,1 daa. Av dette er 1,9 daa dyrka og 5,3 daa overflatedyrka jord. Der er også 19,1 daa innmarksbeite og 13,9 daa produktiv skogsmark. Det er ikkje bygningar på eigedommen, som består av i alt 4 teigar.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om konsesjon - gbnr 107/7 Kolås  
E-post

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER